

MØTEBOK

HALLINGTINGET

TID: 28.april 2009
STAD: Ål, Thon Hotel Hallingdal



**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte på Hallingtinget :

Erik Kaupang, Hol kommune	Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Halvard Lilleslett, Hol kommune	Odd Holde, Hemsedal kommune
Maria Sønndrål Wick, Hol kommune	Tove Eggen Lien, Hemsedal kommune
Tony Arild Kjøl, Hol kommune	Ernst Tore Eggen, Hemsedal kommune
Per Morten Haaland, Hol kommune	Olav Støyten, Hemsedal kommune
Torleif Dalseide, Ål kommune	Gerd Eli Berge, Nes kommune
Ivar Brevik, Ål kommune	Eva Bjørg Haugen, Nes kommune
Harald Varlid, Ål kommune	Kristian Høva, Nes kommune
Åge Ødelien, Ål kommune	Bjørn Skjelseth, Nes kommune
	Nils Rodegård, Nes kommune
Olaug Grønseth Granli, Gol kommune	Tor Egil Buøen, Flå kommune
Kåre Olav Solhjell, Gol kommune	Ole Johnny Stavn, Flå kommune
Halvor Lilleslett, Gol kommune	Kristin Gullingsrud, Flå kommune
	Karsten Ekeren, Flå kommune
	Sigrid Ingeborg Gislerud, Flå kommune

Av rådmennene møtte: Bjørgulv Noraberg, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Gabriel Johannessen, Hemsedal kommune, Else Horge Asplin, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktar Dag Stenersen og Nils Peter Undebakke og regionkontakt Terje Moen

Rådsordførar Oddvar Grøthe opna Hallingtinget, etter at Syver Gudbrandsgard, elev ved Ål kulturskule, hadde vekt forsamlinga med frisk toradermusikk.

SAK 01/09 REKNESKAP 2008

Vedtak

Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2008 med revisoruttale, og at overskotet på kr. 139 006,97 blir avsett til disposisjonsfond.

SAK 02/09 ÅRSMELDING 2008

Vedtak

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2008.

SAK 03/09 MØTEGODTGJERSLE HALLINGTINGET

Vedtak

Møtegodtgjersle for møte i Hallingtinget blir godtgjort med kr. 800,- pr. dag, frå og med 1.1.2009.

SAK 04/09 TEMA UNGDOM

Eit hovudtema for dagen var ungdom.

Kort om bakgrunn

Dagleg leiar Knut Arne Gurigard orienterte kort om bakgrunn for temaet (vedlegg 1). Det vart vektlagt nokre av utfordringane for Hallingdal:

- I forhold til befolkningsutviklinga og endringar i alderssamansetjing
- I forhold til at Hallingdal "mister" for mange av eigne ungdommar.
- I forhold til rekruttering av arbeidskraft.

Drøfting med representantar for ungdomsråda i Hallingdal

11 representantar frå dei kommunale ungdomsråda utfordra Hallingtinget på konkrete saker (vedlegg 2), som:

- Oppretting av eit regionalt ungdomsråd, der det var peikt på konkrete oppgåver
- Få i gang att eit ungdommens fylkesting

Sjå og vedlegg 3: Artikkel frå Hallingdølen 30.4.2009.

Hallingtinget stilte og spørsmål til ungdomsrepresentantane og var positive til innspela. Dagleg leiar skal laga eiga sak til Regionrådet sitt møte i mai, i forhold til eventuell etablering av eit regionalt ungdomsråd.

Hallingdal Fotballklubb

Hallingdal Fotballklubb (HFK) ved leiar Leif Norhaug og adm. ansvarleg Fredrik Ihlen orienterte om HFK, oppbygging, status, satsingsområde og nokre utfordringar. M.a. er det i dag ulik praksis i forhold til treningsmogelegheiter for HFK, i dei einskilde kommunane (vedlegg 4). Det vart i møte signalisert at dette er noko kommunane vil sjå på.

MOT

Distriktsleiar Ragna W. Kristoffersen frå MOT orienterte om ordninga og eventuell samarbeidsavtale mellom kommunane i Hallingdal og MOT.

Hallingambassadørar

Dagleg leiar orientere om ide med Hallingambassadørar (vedlegg 5).

Gruppearbeid, korleis gjera dalen endå meir interessant for ungdom

Hallingtinget vart delt i 5 grupper og fekk følgjande oppgåver:

1. Kva skal til for å få ein meir systematisk medverknad frå unge i lokalt/regionalt utviklingsarbeid? Forslag til konkrete tiltak.
2. Drøft aktuelle tiltak Regionrådet bør engasjere seg i forhold til ungdom?
3. Drøft eventuell ordning med Hallingambassadørar

Vedlegg 6 syner presentasjon av gruppearbeid.

Regionrådet vil drøfte innspel frå gruppearbeid på neste møte.

**SAK 05/09 UTTALE TIL HØYRINGS-DOKUMENT
”NORSK FJELLPOLITIKK 2009”**

Vedtak

1. Hallingtinget vil gje honnør til Fjellregionsamarbeidet for det arbeidet som er utført i forhold til innspel til St.meld. nr. 25(2008-2009) ”Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken”, og forslag til høyringsdokument om ein framtidig fjellpolitikk.
2. Hallingtinget føreset at Fjellregionsamarbeidet arbeidar aktivt for skapa møteplassar og ein arena for politikktutvikling overfor sentrale styresmakter, med fokus på dei utfordringar fjellregionane står overfor.
3. Hallingtinget rår til at Fjellregionsamarbeidet arbeidar for eit nytt verdiskapingsprogram eller partnerskapsprogram for fjellpolitikksatsinga.
4. Hallingtinget gjev sin tilslutning til forslag til fjellpolitikken sine innsatsområde. I forhold til konkrete tiltak bør det arbeidast vidare med ei nærare prioritering innan dei ulike innsatsområda.

Ål 5.5.2009

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Orientering til sak 04/09
2. Innspel frå dei kommunale ungdomsråda i Hallingdal
3. Artikkel frå Hallingdølen 30.4.2009
4. Brev til Hallingtinget frå Hallingdal Fotballklubb, 28.4.2009
5. Presentasjon Hallingambassadørar
6. Presentasjon frå gruppearbeid